

Saksprotokoll i fellesnemnda-AU – 29.01.2018

Saka vart behandla av tilsetjingsutvalet (arbeidsutvalet og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane, jf. vedtak i PS 5/17 frå fellesnemnda sitt møte 18.12.2017).

Fylkesrådmann Rune Haugsdal og fylkesrådmann Tore Eriksen gjekk frå under behandlinga av saka.

Røysting

Leiaren i tilsetjingsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesordførarane fastset eit opplegg for samtalar med fylkesrådmennene, slik dette er skildra i saksframlegget, og gjennomfører desse samtalanane så snart som mogleg.
2. Stillinga som prosjektleiar/fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen vert lyst ut eksternt.
3. Tilsetjingsutvalet ber leiaren syte for at det vert gjort avtale med rekrutteringsbyrå for bistand i den vidare prosessen med utlysing og tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann. Dersom dette ikkje forsinkar tilsetjingsprosessen av prosjektleiar/fylkesrådmann, bør eit slikt innkjøp og avtale med rekrutteringsbyrå også omfatte bistand til seinare tilsetjing av andre administrative topleiarar i den nye fylkeskommunen.